



Notat

Dato: 20.06.2017
Arkivsak: 2015/4714-22
Saksbehandlar: larbirk

Til: Tale Halsør

Frå: Lars Øyvind Birkenes

Høyring av tilleggsøknad - Alternativ 1A gjennom Myrdalen i Masfjorden kommune - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon - Kulturminnefråsegn

Innstilling:

Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak. Dersom det vert avdekkja konflikt med automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Kulturminne og kulturmiljø

Eit nytt alternativ, som for Hordaland sitt vedkommande er lagt gjennom vestre delar av Myrdalen, alternativ 1A, er omsøkt. Delar av dette alternativet erstattar alternativ 1 som var planlagt gjennom austre delar av daldraget.

Konsekvensvurderinga konkluderer, som for austre del av Myrdalen, med at det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i det området av traséen som berører Hordaland. Registrerte kulturminne frå nyare tid er ei SEFRAK-registrert seterbua i Myrdalen, id. 1266 2 84, like vest for Myrdalselva. I Topografisk arkiv frå universitetsmuseet i Bergen er det opplysingar som viser at Myrdalen har vore nytta som ferdsleveg i uminnelege tider. Det er og muntlege opplysingar i Topografisk arkiv som viser til mogleg gravhaugar i dalen som ikkje har vore undersøkt av fagfolk, samt at det skulle vera gamle sagn om at ein hadde drege båtar gjennom heile Myrdalen. Dette viser at daldraget i alle høve har vore i bruk som ferdsleveg og det kan difor ikkje utelatast at det kan finnast hittil ikkje kjente automatisk freda kulturminne langs traséen.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for det som til no er kjent av kulturminne, unntaket er då Myrdalen som ferdsleveg. Konsekvensane er i utgangspunktet knytt til visuell påverknad på nærliggjande kulturmiljø som ferdseisveg og den ovanfor nemnde seterbua, samt at det i utgangspunktet er eit område som er forholdsvis lite påvirka av inngrep, einaste er skogsvegar gjennom daldraget. Det må også nemnast at traséen kjem i visuell nærføring til gardsmiljøet (ruinar, steingardar m.m.) på

bnr. 3 Lisebrekke under Tangedal gnr. 8. Dette bruket vart i fylgje bygdeboka utskilt i 1887 og bygningsruinane er ikkje SEFRÅK-registrert.

Vurdering og tilråding

Konsekvensvurderinga gir ei generell oversikt over det som er kjent av kulturminne og konkluderer ut frå det at potensialet for funn av nye hittil ikkje kjende freda kulturminne og andre verneverdige kulturminne er lågt. Det bør likevel understerkast at det ikkje har blitt søkt etter kulturminne i det aktuelle området før. Det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne langs traséalternativ 1A som det også er for alternativ 1, då det truleg har vore ferdsel gjennom området langt attende i tid, både over fylkesgrensa og i mindre skala. Ein kan også vente å finne spor etter automatisk freda kulturminne knytt til bruken av utmarksressursar.

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, men vil få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø på grunn av master og lineføring. Det må også presiserast at alle tilkomstvegar, riggplassar, trommelplassar, deponi o.l. skal oversendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til kulturminne dersom konsesjon vert gitt.